



Kaare Skaala har gjort ein ny, stor jobb

**Boka som Kaare Skaala er redaktør og forfattar av og som vert gjeve ut i høve kyrkjubileet er no klår melder boknemda i soknerådet. Den skal presenterast i Gamleskulen fredag 11. apil. rykande fersk frå trykkeriet. Boka heiter HØYR KOR KYRKJEKLOKKA LOKKAR og nemda har jobba med ho sidan oktober 2010**

Møtet der boka vert presentert er ope og det vert også eit lysbiletkāseri ved Bjørgulv Eik og Hans Ordin Østebø med bileter frå kyrkja si historie.

I boka er det også gitt plass for nye bilete frå bygda. Boka vert lagt ut for sal og det er også servering.

Skaala (78) var bonde heile sitt yrkesaktive liv men har skrive bøker sidan han vart pensjonist for 14 år sidan. Han er også lyrikar og har fått Kulturprisen. Stølsboka er hans hittil største verk med sine 175 sider, Han er sterkt berømma for både denne og andre bøker.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Sentrale folk i kyrkjejubileet: Hans Ordin Østebø, Møyfrid Kristoffersen, Kaare Skaala, Bjørgulv Eik og Tormod Myklebust.